



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
26/2016	Eldrerådet	PS	23.11.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	16/1536

### DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Orientering om status i "Lev Vel i Vaksdal" med delprosjekt.

#### Eldrerådet - Sak 26/2016

##### **ELD - Behandling:**

Anne Hedvig Faugstad, sjukepleiar ved Forvaltningskontoret, orienterte om Karde-prosjektet som dreiar seg om utprøving av kvardagsteknologi og kor vidt desse produkta er universelt utforma. Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om status i "Lev Vel i Vaksdal". Det er inngått samarbeid med Hilde Haaland Kramer, leiar ved Senter for omsorgsforsking Vest, rundt innbyggjarundersøking av fire utplukka årskull eldre i kommunen. Det er ønskje om å skipa til eit møte før skjema vert sendt ut for at eldre innbyggjarar skal kunne komma med innspel til skjemaet. Dei av Eldrerådet som ikkje er fødd dei utplukka årstala, sa seg villige til å stilla i ei innspelgruppe. Mest truleg vert dette møtet onsdag 4. januar kl. 10.30 - 13.00 i Kommunestyresalen på Dale.

##### **ELD - Tilråding/Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

Sekretær sender mail til dei aktuelle deltakarane om dato og tid for møte med innspelgruppe.